

Karmøy kommune

Postboks 167

4250 KOPERVIK

Dato: 30.11.2023

Saksnr.: 2023/70940

Dok.nr.: 2

Sakshandsamar:

Kjersti Dahl

**Karmøy kommune - søknad om drenering gnr 25 mfl bnr 22 mfl –
uttale -**

Rogaland fylkeskommune viser til e-post mottatt her 28.11.23.

Fylkesdirektøren ved seksjon for kulturarv har vurdert søknaden om grøfting i det aktuelle området som sektormyndighet innanfor kulturminnevern, og i forholdet til automatisk fredete kulturminne.

Begge dei omsøkte områda har metalldetektorfunn som gjer at fylkeskommunen må gjennomføre ein arkeologisk registrering før drenering kan starta opp. Eitt av områda ligg rett ved Ferkingstad middelalder kyrkjestad og har potensialet for fleire funn frå denne perioden.

Fylkesdirektøren har etterspurt dreneringskart slik at ein kan sjå kor intensivt det har vore drenert tidlegare, slike finns dessverre ikkje.

Arbeidet med drenering kan ikkje starta opp før vi har fått undersøkt området for automatisk freda kulturminne. Då vi ikkje gjer arkeologisk feltarbeid i vintermånadane må dette venta til feltoppstart i mars. Vi kjem tilbake til når feltarbeidet kan starta opp og om det er mogleg å gjere dette tidlegare.

Helsing

Leif Håvard Lundø Vikshåland
fagleiarKjersti Dahl
rådgevarKopi til:
LANGÅKERGARDEN AS

Vedlegg: kart 2

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.